

Innsette sin utdanningsbakgrunn og utdanningsmotivasjon 2006

Terje Manger
Institutt for samfunnspsykologi
Universitetet I Bergen

Sørmarka-seminaret
26.-28. oktober



UNIVERSITY OF BERGEN



Publikasjoner hausten 2006

- Eikeland, O. J., Manger, T. & Diseth, Å (2006). Innsette I norske fengsel: *Utdanning, utdanningsønske og rett til utdanning*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Manger, T., Eikeland, O.-J., Diseth, Å. & Hetland, H. (2006). *Innsette i norske fengsel: Motiv for utdanning*. Bergen: Fylkesmannen i Hordaland.
- Manger, T, Eikeland, O.-J., Asbjørnsen, A. & Langelid, T. (2006). Educational intentions among prison inmates. *European Journal of Criminal Policy and Research*, 12.
- Diseth, Å., Eikeland, O.-J. & Manger, T. *Elev og innsatt Motivasjon, læringsstrategier og evaluering av utdanning*.

Problemstillinger

- Kva utdanning har innsette i 2006?
- Ønskjer innsette å ta utdanning?
- Innsette sine motiv for utdanning: Blir dei 'dytta' eller 'dregne'?
- Kva er hinder for utdanning?
- Kor mange innsette har juridisk rett til vidaregåande opplæring?
- Kor nøgde er innsette med utdanninga i fengsel?



Forslag om kartlegging av utdanningsbakgrunn, utdanningsbehov og rett til utdanning

- ”Flertallet foreslår at en slik kartlegging bør følge opp kartleggingen av de innsattes utdanningsbakgrunn og utdanningsbehov, med tanke på å kartlegge innsatte som har rett til opplæring, men som ikke får det.” (s. 8)

Innst. S. nr. 196 (2004-2005)

Metode

- Målgruppe: 3 289 innsette over 18 år i norske fengsel mellom 2. og 9. februar 2006.
- 71.1% av dei som mottok spørjeskjema (3 172) deltok
- 94% menn; 6% kvinner
- 85.7% norske statsborgarar

Instrument: Spørjeskjema



Høgaste fullførte utdanning i Noreg totalt, frå 1970-2004 (SSB), og blant innsette i 2004* og 2006*

Utdanning:	Heile Noreg 1970	Heile Noreg 1980		Heile Noreg 2004	Innsette i norske fengsel 2004	Innsette i norske fengsel 2006
Grunnskule	53,6	44,5		19,5	44,7	38,0
Vidaregåande opplæring	39,2	44,4		56,5	43,4	48,4
Universitet/høgskule	7,3	11,2		24,0	11,9	13,9

- Berre dei som har fullført grunnutdanning inngår i populasjonane (SSB og i fengsel)

Utdanningsnivå

- 92.8 % hadde avslutta grunnskulen
- 30.6 % hadde avslutta treårig vidaregåande opplæring
- 12.9 % hadde avslutta fag eller grad ved universitet eller høgskule



Konklusjon om utdanningsbakgrunn (2006): To mangfoldige grupper innsette i fengsel

- Dei som tradisjonelt har falle utanfor i skule og utdanning
- Dei som har relativt god utdanning



Prosent innsette med fullført utdanning etter alder

Utdanning:	18-24 år (338)	25-34 år (738)	35-44 år (655)	Over 45 år (N=269)	Total (2140)
Grunnskule	91.7	92.7	93.1	94.8	92.8
Treårig vidaregåande opplæring	16.3	31.8	33.6	38.2	30.6
Fag eller grad ved universitet/høgskule	2.7	9.8	16.9	22.8	12.9



Aldersgrupper, basert på den formelle definisjonen i Opplæringslova av kven som har rett til vidaregåande opplæring

- Dei som er fødde før 1978, og som har retten sin definert ved § 4A-3.
- Dei som er fødde etter 1982, og som er innanfor det aldersspennet retten til vidaregåande opplæring primært skal takast ut (§ 3-1). Aldersspennet er normalt fem år (dvs. før fylde 25 år*).
- Dei som er fødde etter 1977, men før 1982, og som har mist retten om han ikkje er tatt ut innanfor den definerte aldersperioden (alternativt: dei har brukt opp retten sin).

* Juni 2005: Retten gjeld no til utgangen av det året ein fyller 24 år.



Innsette med og utan rett til vidaregåande opplæring (estimerte tal i parentes)

Har ikkje avslutta grunnskule (230)	7.0%
Har avslutta vidaregåande opplæring eller tilsvarande utdanning (1554)	47.2%
Har ikkje rett og har ikkje avslutta vidaregåande opplæring (260)	7.9%
Har rett og har teke til med vidaregåande opplæring i fengsel (395)	12.0%
Har rett, har ikkje avslutta vidaregåande opplæring men tek ikkje utdanning i fengsel (850)	25.8%

Utdanningsønske blant innsette som har juridisk rett til vidaregåande opplæring (vgo) og dei som ikkje har slik rett

	Har ikkje avslutta grunnskule (N=149)	Har avslutta vgo eller tilsvarande (N=1011)	Har ikkje rett og har ikkje avslutta vgo (N=170)	Har rett og tek vgo i fengsel (N=256)	Har rett men tek ikkje vgo i fengsel (N=554)
Har minst eitt ønske →	60.4	52.5	67.6	62.5	49.1

54.3 % av alle innsette kryssa av for minst eitt ønske



Innsette sine utdanningsønske

- Grunnskule 3.3%
- Vidaregåande opplæring og påbygging til studiekompetanse 28.6%
- Lærlingkontrakt 11.0%
- Universitet eller høgskule 14.1%
- Anna utdanning 8.4%



Oppgitte grunner til ikkje å ta utdanning i fengsel

Fengslet har ikkje utdanningstilbod i det heile	20.7 %
Eg får ikkje informasjon om utdanningstilbod	17.7 %
Fengslet har ikkje utdanningstilbod som passar meg	17.1 %
Eg er ikkje interessert i å ta utdanning i fengsel	11.4 %
Skule- og studieforholda i fengslet er dårlege	9.4 %
Eg har god nok utdanning frå før av	8.4 %
Eg synest eg har for store lærevanskar	6.9 %
Utdanning gir meg ikkje nok utbytte i forhold til innsatsen	1.5 %
Andre forhold	19.5 %

Motiv for at menneske tek utdanning

- “The structuralist view”
- “The pushed-from-behind-view”
- “The pulled-from-the-front-view”

(Elster, 1979; Gambetta, 1987)

Motiv for at innsette tek utdanning

- Innsette med høg utdanning er motivert av verdien ved utdanning
- Innsette med låg utdanning er motivert av å unngå keisemd og ubehaglege fengselsrutinar.

(Forster, 1981, 1990)

- Innsette med låg utdanning er motiverte av 'push factors' (det som 'dyttar')
- Innsette med høg utdanning er motiverte av 'pull factors' (det som 'dreg')

(Costelloe, 2003)

Forhold som styrer utdanningsval hos innsette

- 'Dytt-faktorar'
- 'Dra-faktorar'

Kvifor tek innsette til med utdanning?

Spørsmål:

”Nedenfor følger noen mulige grunner til at du begynte på utdanning i fengslet. Hvor viktige var hver av disse grunnene for den utdanningen *du nå har begynt på*?
Sett ett kryss på hver linje (for hvert utsagn)”

Svaralternativ:

”Svært viktig” – ”En viss betydning” – ”Ingen betydning”

Kjelde (dei 15 utsegnene):

Skaalvik, Finbak & Pettersen, 2003



Motivasjonskategori 1: Endring og meistring av framtida

Einskildgrunnar

Faktorlading

For å meistra tilveret etter soning	.78
For lettare å unngå lovbrøt etter soning	.76
For lettare å få jobb etter soning	.69
For å ta eksamen/forbetra karakterane	.58
For å bruka skulen som overgang til skule etter soning	.53
For å få større tru på meg sjølv	.47

Motivasjonskategori 1 er den viktigaste

Motivasjonskategori 2: Sosiale og situasjonsprega grunnar

Einskildgrunnar

Faktorlading

Fordi eg ville delta i det sosiale miljøet på skulen	.76
For å få større fridom på dagtid	.76
Fordi eg hadde vener som gjekk på skulen	.63
Fordi det er betre enn å jobba i fengsel	.55
Fordi eg vart oppmuntra	.54
For å letta soninga	.53



Motivasjonskategori 3: Tileigning av kunnskapar og dugleik

Einskildgrunnar

	Faktorlading
For å tilfredstilla lærelysten min	.71
For å nytta tida til noko fornuftig og nyttig	.70
For å tileigna meg fagleg kunnskap	.55

Kvifor tek innsette til med utdanning?

- Blir dei 'dytta' eller blir dei 'dregne' ?
(Gambetta, 1987)
- Er dei motivert av eit behov for å unngå dei keisame fengselsrutinane ('dytt-faktorar') eller av å førebu seg på livet etter soning ('dra-faktorar')?
(Costelloe, 2003)

Kvifor tek innsette ikkje til med utdanning?

- Vil *institusjonelle hinder* (t.d. mangel på tilbod om utdanning) ha negativ effekt på deltaking i undervisning?
- Vil *disposisjonelle hinder* (t.d. dei innsette sine haldningar, lærevanskar) påverka deltaking?
- Vil *situasjonelle hinder* (forhold som er resultat av fengsling) hindra deltaking?

Spørsmål: "Hvordan opplever du utdanningen i fengsel". N=534.

	Helt uenig	Litt uenig	Usikker	Litt enig	Helt enig
Jeg er fornøyd med undervisningen	6,2	8,1	12,2	32,2	41,4
I fengsel blir det lagt tilrette for utdanning	13,7	15,7	20,2	24,0	26,4
Arbeidsmengden er passelig	4,9	8,6	20,2	35,5	30,7
Undervisningen er tilpasset mine behov	12,2	11,6	18,9	24,2	33,1
Jeg er fornøyd med utdanningen jeg tar	5,6	4,9	12,2	29,5	47,8

Spørsmål: "Skaper noen av forholdene nedenfor vansker for den utdanningen du nå er i gang med i fengselet?"

Prosent. Korrelasjon med lengda på dommen. N=534.

	Prosent	Korr. m/ lengda på dommen
Mangelfull tilgang på datautstyr	42,5	.16**
Tryggingrutinane i fengslet	33,5	.27**
Overføring under soning	26,0	.18**
Uro i fengslet	22,3	.07
Mangelfull tilgang på litteratur	21,1	.04
Soninga avsluttast før fullført utdanning	19,8	-.15**
Mine egne lese- eller skrivevanskar	18,3	.07
Mine egne rekne- eller matematikkvanskar	15,6	.01

Ein del konklusjonar

- Utdanningsnivået blant innsette aukar, men det gjer også utdanningsnivået i samfunnet elles.
- Innsette ønskjer å ta utdanning!
- Ein femdel har ikkje utdanningstilbod, og mest like mange har ikkje tilbod som passar.
- Å sona kan endra innsette sin motivasjon for å ta utdanning!
- Innsette er jamt over nøgde med undervisningstilbodet i fengsel
- Mangelfull tilgang på datautstyr, tryggingrutinar i fengslet og overføring under soning skaper vanskar for mange si utdanning i fengsel.

Ein del praktiske følgjer

- Alle fengsel må gje tilbod om utdanning!
- Dei yrkesfaglege studieprogramma må byggjast ut!
- Det må leggjast betre til rette for å ta høgare utdanning i fengsel!
- Det hastar med å etablera gode og tryggingstilpassa internettløyisingar!
- Tilgangen på datautstyr må betrast!
- Det må satsast på etter- og vidareutdanning av lærarar i fengsel!
- Tryggingrutinar og overføring under soning må ikkje vera til hinder for utdanninga i fengslet!